

Sund Sokneblad



Nr. 5
1. desember 2021
Årg. 90

«Nytt» tårn på Kausland kyrkje



I lengre tid har det vore arbeid med å reparera taket på Kausland kyrkje. Særleg har det vore fokus på tårnet der det ser ut til at all skifer no er bytta ut. For stillasa til denne delen av taket på kyrkja er tekne ned, og tårnet framstår på nytt i all sin prakt.

Kjell-Asle sluttar



Kjell-Asle Børnes sluttar som sokneprest i Sund. Frå nyttår skal han vera prostiprest i Vesthordland prosti.

side 2

Julemesse

Denne hausten kunne det igjen lagast til julemesse i Kyrkjekjellaren, og der var det godt med folk og god stemning.

side 4-5

Nye konfirmantar

Dei nye konfirmantane i indre og ytre Sund vart presenterte tidlegare i haust, og vi har bilete av dei

side 7

Føremiddagstreffa

Så kunne ein samlast til føremiddagstreff igjen. Så langt i haust har det vore to treff, eit i Kyrkjekjellaren og eit i Kausland.

side 8 og 13

Kyrjekaffi

I lengre tid har det ikkje vore skipa til kyrjekaffi etter gudstenestene grunna koronasituasjonen. Men søndag 10. oktober var kyrjekaffien tilbake på vanleg måte.

side 11

Pastoralt perspektiv

Takk for laget!

Alt har si tid – heiter det. Slik er det også med mi teneste som sokneprest i Sund sokn.

Frå 1. januar 2022 går eg over i ei ny rolle som *prostiprest* i Vesthordland prosti (Øygarden og Askøy). Det vil i praksis seie at prosten sender meg rundt etter behov... Etter 8 år som sokneprest i Sund, og snart 20 år som sokneprest i eitt strekk – kjenner eg at det er nok, og eg er dermed glad for å kunne få gå inn i ei litt annleis presterolle.

Frå nyttår av skal eg altså få vera endå meir prest og bruka mindre tid i møter og til organisering og administrasjon.

Det har vore både gode og slitsame år her i Sund. Særleg meiningsfullt har det vore å få møta dykk i soknet både i sorg og i glede. Mange gode samtaler har vi hatt, og mykje latter har det også blitt. Eg har etter beste evne prøvd å peika på Jesus og nåden! Og mitt ynskje for tenesta har vore å forkynna evangeliet om den krossfesta og oppstadne Kristus.

Sjølv om eg no skiftar beite så skal eg fortsatt bu her i soknet, og dersom prosten vil – kjem eg sikkert også til å gjera noko presteteneste her i Sund, framover. Dessutan er eg jo også ein del av kyrkjelyden, generelt, så vi sjåast både her og der...

Men no er det altså tid for å seia: Takk for laget, og Guds signing over kvar enkelt av dykk!

Med venleg helsing
Kjell-Asle

Kjell-Asle Børnes avsluttar tenesta som sokneprest i Sund

Frå 1. januar går Kjell-Asle over i nye oppgåver som prostiprest i Vesthordland prosti. Han skal gjere presteneste ved to sjukeheimar i Bergen og elles i kyrkjelydane i prostiet. Det vert markering av avslutning i samband med gudstenesta 1. januar i Sund kyrkje.

Eg vil takka Kjell-Asle for tenesta han har gjort som sokneprest gjennom mange år, og ynskjer han velkomen til anna teneste i prostiet.

Tilsetting av ny sokneprest i Sund er planlagt i bispedømmerådets møte 23. februar. Fram til ny sokneprest er på plass, vert det saman med prostiprest Michal Møgster vikarprestar i Sund. Mellom anna skal Harald Forland gjere vikarteneste i tida frå nyttår til påske.

Jan Tommy Fosse
Prost

Velkomen til gudsteneste

05. desember – 2. søndag i advent – Joh 16,21-24

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

12. desember – 3. søndag i advent – Joh 5,31-36

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

19. desember – 4. søndag i advent – Matt 1,18-25

KAUSLAND kyrkje kl 18:00 «Vi syng jula inn» v/Kjell-Asle Børnes m.fl. Korsong, musikk og felle song. Takkoffer: Kyrkjemusikalsk arbeid

24. desember – Julaften – Luk 2,1-20

KAUSLAND kyrkje kl 14:30 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: Kirkens nødhjelp
SUND kyrkje kl 16:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes

25. desember – Juledag – Joh 1,1-14

SUND kyrkje kl 12:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: NMS

26. desember – 2. juledag – Joh 1,1-14

KAUSLAND kyrkje kl 12:00 Høgtidsgudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

01. januar – Nyårsdag – Matt 18,19-20

SUND kyrkje kl 12:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes og prost Jan Tommy Fosse. *Avskjedsgudsteneste for sokneprest Kjell-Asle Børnes*. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt

02. januar – Kristi openberringsdag – Joh 12,42-47

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/vikarprest. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Normisjon

09. januar – 2. søndag i openberringstida – Joh 1,29-34

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Harald Forland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

16. januar – 3. søndag i openberringstida – Joh 1,15-18

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

23. januar – 4. søndag i openberringstida – Luk 13,10-17

SUND kyrkje kl 18:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes, Dag Reidmar Pettersen og konfirmantar. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

30. januar – 5. søndag i openberringstida – Joh 5,1-15

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Harald Forland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

06. februar – 6. søndag i openberringstida – Mark 13,21-27

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Harald Forland. *Utdeling av 4 års-boka*. Dåp. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

Alt med atterhald om endringar grunna korona-situasjonen!

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er utleigde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Ei kroppsleg jul

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vør og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søkjer oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn) frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølv dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua


kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vør trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ei glad og velsigna jul!

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin



Krystallnatta

Advokat *Dag Steinfeldt* var ein av foredrags-haldarane i Strume Forum under markeringa av Krystallnatta 9. november.

Han fortalde om far sin, Hermann Steinfeldt, som var i tysk fangenskap under krigen. Han vart torturert og ille medfaren.

Foredraget hans var sterkt, og det rørte tydeleg dei frammøtte.

Foto/tekst: Ottar Vik



Det var fylt opp rundt borda som var plasserte ut.



Mange nytta høvet og fekk kjøpte med seg noko av det som vart selt denne dagen.

Julemessa

Laurdag 13. november vart det igjen laga til julemesse i Kyrkjekjellaren etter eitt års avbrekk. Borda var plasserte med litt større avstand enn tidlegare, men alt ved starten av julemessa var det fullt rundt borda.

Som vanleg var det kome inn mange gevinstar. Dei som skulle trekkjast på dei nær hundre bøkene som var selde, hang for det meste langs eine veggen og skulle trekkjast på slutten av dagen. Men før det var det to omgonger med trekning på årar. Men det vart selt årar berre ein gong, så dei årane var med i to trekningar.

På eit langbord var det plassert diverse varer som ein kunne kjøpa: julebrød, kjeks, syltøy, lefser, for å nemna noko (lefsene rett nok i frysen). Då julemessa vart opna var det stor pågang på desse varene.

Kafé høyrer med på julemessa. Slik denne gongen òg, både med graut og diverse kaker. Kaféen vart flittig brukt gjennom heile julemessa.

Det skulle ha vore song av barnekora òg, men dei måtte melde avbod då det var så mange av dei som var sjuke. Men Torbjørg Bakke fekk smetta inn med ein andakt.

Komiteen som hadde laga til denne julemessa er svært takksam for alle som kom, for alle som hadde gjeve gevinstar og som hadde kjøpt lodd, både årar, men òg lodd på dei nær 100 bøkene som var selde. Heile **67.000 kr** kom inn på denne julemessa, og pengane skal gå til kyrkjelydsarbeidet i soknet.

Olai Otterå



I kaféen var det både graut og kaffi og kaker å få kjøpt.



Mange fine premiar stod klar til trekninga på årane.



Her gjeld det å sikra seg nokre årar som ein kunne bruka i to trekningar.

Full opning av kyrkjene

I gudstenesta i Sund kyrkje 29. september var det ikkje lenger koronarestriksjonar for kor mange som kunne møta opp. Tauga som i lengre tid hadde stengt av kvar andre benk var tekne ned, og folk kunne setja seg der dei ville. Jamvel kyrkjelyds-salen bak i kyrkja var opna opp for å gje god plass. Og litt plass var det bruk for, for det var presentasjon av dei nye konfirmantane i indre Sund denne søndagen og difor ekstra mange som var til stades i kyrkja. I tillegg til presentasjonen av dei nye konfirmantane var det òg solosong av Solveig Økland.

Olai Otterå



Tauga som stengde av benkar var tekne ned.



Solosong av Solveig Økland med Irina Tarasova på flygel og Dag R. Pettersen på bassgitar.



Det er slutt på avgrensingar i kyrkja for kor mange som kan vera til stades. Jamvel kyrkjelydssalen bak i kyrkja var opna opp i den første gudstenesta i Sund kyrkje med full opning.

Dei nye konfirmantane i indre Sund



Adrian Vorland Jakobsen, Andrine Sleire Vedå, Artihidhaya Supanyachotskul, Bertine Aspevik Sangolt, Bjørnar Blikberg, Celina Sangolt, Elias Nikolai Høyland Kleppe, Fredrik Fikse, Ingrid Sangolt Solsvik, Isabella Kvittle, Jacob Martin Norvik, Jacob Nekkøy, Jan Egil Berge, Jonas Grønli

Forland, Jonas Rokkan, Julia Ringheim Thuestad, Kim-Rikard Mjøs, Kristian Forland Eidesund, Lasse Kilen, Lukas T. Fyllingen, Marcus Sangolt, Marcus René Vatnedalen, Martine Elisabeth Nordby, Mikal Hammersland, Nathalie Birkenes Harkestad, Ole Boga Ekse, Ole Alexander

Diaz Aarset, Ole Marius Ulvøen Forland, Oliver Andreassen, Peder Lekven Bruvik, Pernille Kleppe Petterson, Sanne Gjaldbæk Bjørøy, Sigurd Johannes Guddal, Simen Kausland, Simone Spilde, Sjur Gabriel Angeltveit, Stine Pedersen Ekren, Synne Ryland Erichsen, Vilde Kausland Vabø.

FOTO: OLAI OTTERA

Dei nye konfirmantane i ytre Sund



Alfred Kausland Flatabø, Alva Sofie Kausland, Amalie Sofie Føleide Johannessen, Brede Kvalvåg Larsen, Christer Rong Liland, Daniel Eide, Dorthea Glesnes Mæland, Elina Johanne Øvretveit Bjørklund, Emil Evensen Trellevik, Hannah Linnea Randem, Håvard Lie Melkevik,

Isabell Haugetun Telle, Isabell Hitsøy-Forland, James Wilhelm Steinsland Whitfield, Joakim Hagenes, Johanna Nordstrand, Leah Telle, Maria Baardsen, Marialinn Skage, Marius Wiers, Markus André Vonli Rasdal, Marte Nesse, Mathilde Espeseth, Mons Eirik Finnkirk Nesse, Nicole Beck

Tofteraa, Nils-Atle Høyland, Noah Leander Hammersland, Sannah Våge Midttveit, Thea Kallestad Iversen, Tomine Berentsen Pedersen, Vilde Felicia Vatne saman med Dag Reidmar Pettersen.

FOTO: OLAI OTTERA



Endeleg samling igjen rundt lunsjbordet på det første føremiddagstreffet på lenge.

Endeleg føremiddagstreff igjen



Tarald Ueland fortalte om livet og diktinga til Svein Ellingsen.

Tarald Ueland hadde lenge vore annonsert som gjest på føremiddagstreffet, men fleire gonger måtte føremiddagstreffet utsettast grunna korona-situasjonen. Men 29. september var det endeleg klart for eit nytt føremiddagstreff, og gjesten var Tarald Ueland som skulle snakka om livet og diktinga til Svein Ellingsen.

Om du ikkje har høyrte om Svein Ellingsen, kan vi nemna at du finn namnet hans i salmeboka. Heile 43 av salmane i salmeboka er skrivne av Svein Ellingsen. Ingen har fleire salmar i den boka enn han. Så skreiv han ikkje mindre enn 130 salmar

i sitt 90 år lange liv.

Tarald Ueland fortalde at Svein Ellingsen var fødd i Kongsberg i 1929. Han las allereie då han var 5 år gammal, m.a. Landstads reviderte salmebok. Han likte betre å gå i kyrkja enn på søndagsskulen, for i kyrkja var det orgelmusikk og salmesong. Der var det òg mykje kunst i taket som han kunne studera. Men på skulen hadde han det ikkje så bra. Han var ikkje med i leik og aktivitetar, og han blei plaga for det.

Då han etter kvart byrja på gymnasen, opplevde han å bli sett av læraren. Dette var bra for han, og han fekk også vener blant gutane. Men så fekk han angst. Likevel greidde han eksamen fordi han fekk hjelp av rektor og av lærarane.

Åra 1948 til 1958 var ein vanskeleg periode for han, og i 1954 var han så dårleg at det var spørsmål om han ville overleve. Men så begynte det å snu. Han skreiv m.a. salmen «Herre, du har reist meg opp». Dette blei den første salmen hans som kom inn i salmeboka.

I 1960 møter han Ingjerd, dei gifter seg og får to born. I 1969 vart eldste dottera påkøyrd og døydde momentant. Foreldra sørgde tungt. Han begynte på ein salme, men det gjekk fleire år før «Nå er livet gjemt hos Gud» vart ferdig.

Då Øystein blei fødd i 1971 skreiv han ein dåpssalme, «Fylt av glede over livets under», ein sang som m.a. er mykje brukt i Tyskland.



Skiver og pålegg av ulikt slag høyrer med på lunsjbordet på føremiddagstreffa.

Då han i 1975 skulle skriva ein salme på oppdrag, måtte han gå ein tur i natta før han fekk til å skriva salmen, ein salme som er brukt i mange land.

*Noen må våke i verdens natt,
Noen må tro i mørket,
Noen må være de svakes bror;
Gud, la din vilje skje på jord!
Hjelp oss å følge ditt bud!*

Svein Ellingsen døydde i 2020. Det same gjorde kona hans.

Olai Otterå

Teikneserie- bibelen til 10-åringane

I familiegudstenesta i Sund kyrkje søndag 31. oktober var eitt av innslaga at ein teikneseriebibel vart delt ut til alle 10-åringane som hadde møtt opp i kyrkja.

Utdelinga gjekk føre seg tidleg i gudstjenesta, før presten heldt preika si, og dermed kunne dei nye bibelegarane følgja med i teikneseriebibelen sin etter kvart som presten fortalde om den bortkomne sonen som kom heim att og som faren tok så godt imot, til fortvilning for den andre sonen som hadde vore heime heile tida og som ikkje var gjort noko stas på.

Det var kyrkjelydspedagog Dag Reidmar Pettersen som delte ut Teikneseriebibelen. Då alle hadde fått boka si stilte dei seg opp på rekke og rad slik at dei kunne bli tekne bilete av.

Utdelinga av ein slik bibel til 10-åringane er ein del av trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden.

Olai Otterå



Dag Reidmar Pettersen deler ut Teikneseriebibelen til dei framførte 10-åringane.



Teikneseriebibelen inneheld ein del fortellingar frå Bibelen, men i teikneserieformat.



Her er dei som Dag Reidmar Pettersen fekk delt ut Teikneseriebibelen til.



Fin song frå barnekora, med rørsler og det heile.

Hausttakkefest i Sund kyrkje

I gudstenesta i Sund kyrkje søndag 10. oktober vart hausttakkefesten markert, ein kyrkjeleg takkefest og feiring av at innhaustinga er over. Markeringa vart gjort m.a. ved at nokre dømme på «markens grøde» vart stilt opp framfor altaret, men òg ved at det vart nemnt i preika.

Elles var dette ei vanleg gudsteneste med

dåp og med fin song av Stjernekorset og Betweenskorset, som fleire gonger var framme og song. Kora var rett nok ikkje fulltalige, men dei var mange nok til at det blei både god og kraftig song frå dei unge kormedlemene.

Olai Otterå



Litt av «markens grøde» var stilt opp framfor altaret.



Folk trekte inn i kyrkjelydssalen i Sund kyrkje etter gudstenesta for å vera med på kyrkjekaffien.

Kyrkjekaffien kom tilbake

Etter gudstenesta på hausttakkefesten i Sund kyrkje søndag 10. oktober var det igjen endeleg klart for kyrkjekaffi. Restriksjonane var borte, Noreg var opna opp og folket kunne samlast.

Mange av kyrkjegjengarane samlast i kyrkjelydssalen denne søndagen for ein hyggeleg drøs etter gudstenesta. Plassane rundt borda fyltest opp, og drø-

sen gjekk livleg. Bollar og diverse kaker hadde ein sikra seg saman med eit krus med kaffi eller te før dei fann seg ein plass.

Det var hyggleg å samlast slik igjen etter gudstenesta etter å ha vore borte frå det så lenge.

Olai Otterå



Det var mykje godt å velja blant.



Det sat nokon ved alle borda i kyrkjelydssalen.



Nokre måtte sørga for nye forsyningar medan andre kunne sitja og prata saman.



Mange av dei som var på «HalloVenn»-ungdomsgudstenesta hadde teke på seg artige kostyme.



Henriette spelte fiolin.

«HalloVenn» Ungdomsgudsteneste

31. oktober var dagen for Halloween, men ungdomsgudstenesta i Kausland kyrkje denne søndagen vart omdøpt til «HalloVenn».

Likevel hadde ein ei kjensle av Halloween, for dei fleste av dei som var til stades i kyrkja hadde kledd seg ut i festlege kostyme.

Då bibelteksten om den gode samaritanen vart lesen opp, vart teksten illustrert av aktørar framme i koret.

Song vart det òg. Betweeneskoret skulle

syngja, men av dei var det berre nokre få til stades. Mikrofonar til alle dei tre songarane gjorde at songane likevel kom tydeleg og fint fram.

Litt fiolinmusikk vart det òg plass til. Henriette Børnes Myklebust hadde teke med seg fiolin og framførte nokre melodiar.

Etter gudstenesta var det samling i Kyrkjelydshuset med mat og premiering (sjå neste side).

Olai Otterå



Bibelteksten vart illustrert etter kvart som han vart lesen opp.



Det var ikkje så mange frå Betweeneskoret som kunne vera med denne kvelden, men med hjelp av mikrofonar bar songen fint utover sjølv med få songarar.

Samling og premieutdeling etter «HalloVenn»



Etter ungdomsgudstenesta var det samling i Kausland kyrkjelydshus. Her vart det diska opp med brus, pizzastykke av ulike slag, og popkorn

for dei som ville ha det. Det var òg utdeling av premiar til dei tre som juryen meinte hadde på seg det mest morosame kostymet. *Olai Otterå*



Her er vinnaren, han som juryen meinte hadde det mest morosame kostymet.



Erling Kopperud gjesta Føremiddagstreffet

Erling Kopperud var gjest på føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydshus i slutten av oktober. At han var på Kausland fekk han til å minnst at det var i Kausland kyrkje han hadde si siste gudsteneste før han var hos legen og fekk påvist kreft. No er han blitt kvitt kreften.

Elles på føremiddagstreffet ville han peika på kva vi har i Gudstrua vår som kan gjelde i alle tilhøve. Eitt tilhøve er den bustad vi har hos Gud. «Herre, du har vore ein bustad for oss i slekt etter slekt,» slik Moses ber i Salme 90. Eller som han siterte frå 5 Mos 33,27: «Ein bustad er den eldgamle Gud, her nede er hans evige armar.»

Frelsa er, meinte Kopperud, å kome inn i Guds bustad, ein heim, ein stad der vi kan gå ut og inn, ein stad der

vi høyrer til. Guds bustad er ikkje noko døden kan ta frå oss. «Sjå, Guds bustad er hos menneska. Han skal bu hos dei, og dei skal vera hans folk, og Gud sjølv skal vera hos dei. Han skal vera deira Gud», som det står i Joh. Openberring.

Kopperud kom òg inn på forteljinga om den bortkomne sonen som etter ei tid borte frå faren fann ut at han ville heim att. Vi får høyra at medan sonen enno var langt borte «fekk faren sjå han, og han fekk inderleg medkjensle med han. Han sprang imot han, kasta seg om halsen på han og kyste han.» Til den andre sonen sa han: «Du er alltid hos meg, og alt mitt er ditt.»

Slik kan det vere for oss i Guds bustad, meinte Kopperud.

Olai Otterå



Hildegunn Børnes Myklebust tende til saman 55 lys for dei døde det siste året.

Tende lys for dei døde

På Allehelgenssøndagen 7. november mintest ein også i år dei som hadde døydd sidan førre Allehelgensdag. I gudstenesta i Kausland kyrkje var Hildegunn Børnes Myklebust med og tende eit lys for kvar av dei døde etter kvart som Kjell-Asle Børnes las opp namna.

Det viste seg å vera mange namn å lesa opp. Heile 55 lys vart tent, og dette er meir enn det som har vore vanleg dei siste åra.

Presten understreka at Allehelgenssøndagen ikkje berre handlar om dei som har gått bort, men òg om oss som er her framleis. Han/ho som er på lag med Jesus er på det seirande laget.

Som ei innleiing til denne gudstenesta var Erik Hellstrand der og song ein song. Det same gjorde han som avslutning på gudstenesta.

Olai Otterå

Fulekonsert

Sund kyrkje

Måndag 06.12.21 kl. 1900



Sund Blandakor



Sund Brass



Sund Toraderklubb

Førehandssal billetter: ticketco.no

Voksne: kr. 250 (inkl. avgift) Born u/ 12 år gratis

Restige billetter blir sold i døra, he-nænt og vipps

www.sundblandakor.no




Erik Hellstrand song både i starten av gudstenesta og som avslutning.



Har dere rom for en til i familien? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom?

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

fosterhjem.no

Det manglar noko i juleevangeliet

Kanskje du set både kaffien og peparkakene fast i halsen ved synet av denne overskrifta.

Skal det no tuklast med vårt kjære juleevangelium, også – tenkjer du kanskje. Men du kan ta det heilt med ro. Juleevangeliet er ikkje oppe til revisjon! Det står støtt og godt som det er!

Men det kunne godt ha stått ei setning til i desse kjente og kjære versa frå Lukas 2.

For i ein sum er jo jula sitt evangelium dette: Gud skiftar adresse! – Frå himmel til jord, frå trone til krubbe og frå gullgater til støvete landevegar... Difor kunne godt englane hatt

med ein setning til i songen sin. Dei song: «Ære vere Gud i det HØGSTE...» Men dei kunne godt ha lagt til: «Ære vere Gud i det LAVASTE...» For det er jo her Gud no er –

Andakten

her hos oss i det lave, her kor vi slit og kjempar med vårt. Ja, Gud har faktisk stige så langt ned som det er mulig å koma, og blitt så liten som det går an å bli! Difor kan han møta oss som Underfull Rådgevar, Veldig Gud, Evig Far og Fredsfyrste – der vi ER...!

Og det er jo nettopp dette Jakob

Sande får fram, når han syng: «Der låg han med høy til pute, og gret på si ringe seng...» Slik feier inkarnasjonens store under bort all *burdisme*...

For: Jesus kjem til oss der vi er – ikkje der vi burde vera. Han kjem til våre liv slik dei er – ikkje slik dei burde vera. Ja, Gud kjem dit *vi* er – for å føra oss dit *han* er!

Og difor slepp vi å feira ei glansbilde-jul. I staden får vi lukka inn han som er prøvd i alt, og som difor er velkjend både med sorg og glede, motbør og applaus, og som difor *tar* det som vi *har* det...

Men framfor alt kjem Je-

sus til oss som Frelsaren – han som kan og vil gje oss ei *ny* fortid og ei *evig* framtid. Det er gåva til oss frå krossen og den tomme grava! Og dermed får vi eiga eit håp som også toler å bli blanda med *tårer* – her i det *lave*...

GOD EKTE JUL!

Kjell-Asle Børnes

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døde, tlf. 55 32 56 97



**SOLSTRANDS
BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE
GRAVFERD**



Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)

GRAVMINNER



**Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.
www.lovaasnaturstein.no



Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Om du har lyst til å få ordnet på neglene på både hender og føtter, få fikset på vippene og håret, kan dere besøke den nylig åpnede salongen!



Redas Neglestudio

Reda Zideliuniene

Tlf: 46392022

Negledesigner
Lensmannsvegen 17B,
5378 Klokkearvik

Epost: redapukelis@gmail.com
Facebook: Redas neglestudio

Between-klubben

Frå 4. klasse og oppover!
I Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje
frå klokka 17.30 til 19.30.

Vi leikar, har ulike aktivitetar,
lærer frå Bibelen, et kvelds
saman. Du og venene dine
er velkommen til å bli med!

Vi møtest:

7. desember
18. januar
15. februar

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 32 50 45



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
JERN- OG FARGEHANDEL - FRISØR - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - SOLSTUDIO

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på: klokkeoppgåver, kyrkjevertoppgåver eller kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
455 16 360 eller på e-post:
hm849@kyrkja.no

Myldredag

For heile familien -
Besteforeldre også!
Klokka 17:00-19:00

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje

4. januar
1. februar

Kyrkjelydshuset på Kausland

15. desember
(flytta frå 8. des.)

19. januar
16. februar

Middag - bibelfortelling -
aktivitetar - fellesskap

Ta med familien og kom,
eller kom åleine.

Påmelding til myldredagane:
Hildegunn - 455 16 360

Likar du å synge?

Vil du bli med i kor?
Vi har to kor som øver i
Sund kyrkje annankvar tysdag!

Stjernekolet

er for deg som er mellom 4-9 år.

Vi møtest frå klokka 17.30-18.30.

Betweenkolet

er for deg som går i 4. klasse og oppover.

Vi øver frå 18.30-19.30.

Begge kora øver:

14. desember
11. januar
25. januar
8. februar
28. februar

Føremiddagstreffa

Føremiddagstreffa held fram på nyåret, vekselvis i Kausland kyrkjelydshus og i Kyrkjekjellaren. Det blir som vanleg servert lunsj før ein gjest slepp til og snakkar om eit emne. Følg også med i kunngjeringar og i VestNytt.

*Bli med på desse treffa,
og ta gjerne med deg nokon!*

**26. januar - Kausland kyrkjelydshus
kl. 11.30**

Gjest: Ingvald Kårbø
(Radio- og TV-pastor i P7)

23. februar - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Prost Jan Tommy Fosse

**30. mars - Kausland kyrkjelydshus
kl. 11.30**

Gjest: Alvhild Vassel Eide

27. april - Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Torbjørn Fjøren

**25. mai - Kausland kyrkjelydshus
kl. 11.30**

Gjest: Ikkje avklart



Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse
Kvile 17A
5379 Steinsland
Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE

Døypte

26.09 Sund kyrkje

Mio Wang Butz
Elijah Meyer

03.10 Kausland kyrkje

Peder Vindenes
Sander Telle Eide
Oliver Kallestad
Fabrizio Zuliani Fossberg

10.10 Sund kyrkje

Emine Krog-Nygård

17.10 Kausland kyrkje

Tilla Øvretveit Eriksen

24.10 Sund kyrkje

Lionel Vågen
Theodor Abbedissen Hammersland
Ellie Abbedissen Hammersland
Mason Dale Midttveit

06.11 Kausland kyrkje

Anabelle Steinsland Whitfield

21.11 Kausland kyrkje

Marte Hammersland
Signe Kolltveit Arefjord

Gravlagde

05.10 Sund kyrkje

Alan Nepstad, f. 1937

21.10 Sund kyrkje

Nils Arne Spilde, f. 1947

28.10 Sund kyrkje

Vigdis Viksøy, f. 1947

02.11 Møllendal store kapell

Birger Sagstad, f. 1950

04.11 Sund kyrkje

Anita Flisram, f. 1968 (bisetjing)

09.11 Sund kyrkje

Stig Aursøy, f. 1967

11.11 Sund kyrkje

Oddvar Tveito, f. 1932

Vigde

03.10 Kausland kyrkje

Anne Bakke og
Per Vetle Vindenes Bøe

SUND SOKNEBLAD vil frå 1. desember ha ny e-postadresse.

Den nye adressa er:

sund.sokneblad@outlook.com

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag – fredag kl 10.00 – 14.00: **400 03 316**

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får ikkje lenger tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemmer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølve ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Også unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund sokn

Telefon sentralbord: 400 03 316

Post- og besøksadresse:

Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume

Det er mogleg å gjere avtale om besøk på kyrkje-
kontoret i Sund.

Ekspedisjonstid:

Måndag - fredag kl. 10.00 - 14.00

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettside: www.kyrkja.no/oygarden

Her finn ein kontaktinformasjon til kyrkjestaben.

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes..... 41 41 66 67
sokneprest

E-post: kb427@kyrkja.no

Soknerådet

Svein Marius Myklebust 95 88 61 56
soknerådsleiar

E-post: svein.myklebust@danielsen-skoler.no

Givarteneste

Sund kyrkjelyd

Barne- og familiarbeidet

Kyrkjelydsarbeidet

Kontonr.: 3628.50.65156
Merk kva formål gáva er til.



DEN NORSKE KYRKJA

Sund Sokneblad

Utgevar: Sund Sokneråd

Adresse: Tytebærbrekko 2,
5353 Straume

Konto: 1503.84.37590

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:

sund.sokneblad@outlook.com

Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 3.950



Temakveld om sorg

- Sorg er ingen sjukdom, men ein normal kjenslemessig reaksjon på betydningsfulle tapsopplevingar, sa prest John Kristian Gramstad Rolfnes på temakvelden om sorg i Kyrkjekjellaren i slutten av oktober.

-Sorga har inga tidsavgrensing. Vi kan kjenna sorg over bestefar som døde for 40 år sidan, men han kan òg føra til at lys kjem fram når ein tenkjer på han.

Det kan vera ulike symptom ved sorg: Panikk, fortvilning, sinne, uro, tristleik, nedstemtheit, tomheitskjensle, søvnløyse eller nedsett appetitt.

Ulike ting kan føra til sorg. Ved død, samlivsbrot eller ufrivillig einsemd er det tap av relasjon som fører til sorg, ved kronisk sjukdom eller nedsett funksjonsdugeleik er det tap av helse, for å nemna nokre.

Det gjeld å greie å leve med sorga. Spørsmålet er kva vi rundt dei sørgande kan bidra med for å lette sorgarbeidet.

Dette var litt av det Gramstad Rolfnes kom med på temakvelden om sorg.

Olai Otterå



John Kristian Gramstad Rolfnes

Vaksenopplæring om Den heilage ande

Kven er og kva gjer Den heilage ande? Dette var spørsmålet som Kjell-Asle Børnes tok opp i det tredje av til saman fem trusopplæringskveldar for vaksne denne hausten.

Bakteppet for Den heilage ande (DHA) er pinsedagen, då DHA dalte ned som eldtunger. Den hendinga er det nok ein del som har fått med seg sjølv om mange svarer at dei ikkje heilt veit kvifor vi feirer Pinse. I våre dagar er DHA eit sjeldan tema i kyrkjene våre. - Det er uheldig, meinte Kjell-Asle, - for utan DHA hadde vi ikkje vore her i kveld.

DHA viser oss Jesus og gjer det mogleg å tru. For 500 år sidan minte Luther oss om at vi ikkje kan tru av oss sjølv, men ved DHA.

Kjell-Asle peika på seks måtar DHA arbeider med oss, for oss og i oss. For det første er han Hjelparen som m.a. bruker Ordet og Sakramenta for å nå fram til oss.

Men han er òg Livgjevaren. Når Gud i 1. Mos. seier: «Lat oss laga menneske i vårt bilete, så dei liknar oss!» viser dette at DHA var med allereie då.

DHA er òg Mor og Jordmor, for Jesus seier jo at vi blir fødte av vatn og ande. DHA føder oss på nytt og hjelper oss å få i oss det vi treng i livet.

Kyrkjetenaren, Talsmannen og Advokaten er òg av oppgåvene til DHA, i følgje Kjell-Asle og viste m.a. til Joh 14,26 der Jesus seier: «Men Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk.»

DHA er òg Kyrkjebyggjaren, for han byggjer oss opp ved ulike gåver for at byggverket skal bli sterkt og utvikla seg. I tillegg er DHA Forbedaren vår. Han går sjølv i bøn for oss, reinsar bønene for oss og ber dei fram for Gud.

Olai Otterå

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem omlag 9. februar

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 26. januar